

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av A, SV, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Endringar:

(a) Vedr. pkt. 14. Ordskiye. Taletid. Møteleiar si deltaking:  
Erstatte ordet *dokument* med «*materiell*»

(b) Pkt. C Delegasjon til fylkesrådmannen.  
1. Økonomi  
Forvaltning, drift og vedlikehald  
Første kulepunkt vert foreslått endra slik:

Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller *tomtar (ubebygd areal)*, som ikkje er av *langsiktige (10 år eller meir) eller vesentleg (2 mill. i årleg leige) verdi.*»

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 2.1.1 Bygg og eiendomsforvaltning  
Langsiktig over 4 år  
*Vesentlig verdi: 1 mill. pr. år i leieinntekt skal til fylkesutvalget.*»

### Røysting

Kårbø sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Strømme sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Kårbø sitt forslag (b) fekk 10 røyster (A, Sp, KrF, SV, MDG, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga med dei vedtekne endringane vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

Jfr. forslag til innstilling frå politisk arbeidsgruppe, med slike endringar:

Vedr. pkt. 14. Ordskiye. Taletid. Møteleiar si deltaking:  
Erstatte ordet *dokument* med «*materiell*»

Pkt. C Delegasjon til fylkesrådmannen.  
1. Økonomi  
Forvaltning, drift og vedlikehald  
Første kulepunkt vert foreslått endra slik:

Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller *tomtar (ubebygd areal)*, som ikkje er av *langsiktige (10 år eller meir) eller vesentleg (2 mill. i årleg leige) verdi.*